



Kvam skal vera
ein kommune med

Moglegheiter for alle

**Kvam Høgre vil prioritera
det viktigaste fyrst;
oppvekst,
helse og omsorg,
innbyggjarane sin
privatøkonomi,
næringsutvikling.**

7 grunnar til å stemma Høgre i Kvam



Oppvekst

Kvam Høgre skal prioritera oppvekstsektoren og setja barn og unge i fokus. Me vil investera i lærarar, barnehagelærarar og støttepersonell for å skapa trygge og inkluderande læringsmiljø. Me skal jobba aktivt for å tilby 100% stillingar i barnehagane for dei som ynskjer det, for å sikra stabilitet og kvalitet i omsorga for våre yngste innbyggjarar. Kvam Høgre skal leggja til rette for vidareutdanning og kompetanseheving for tilsette, slik at me kan levara best mogleg utdanning og støtte til elevane. Trygge og gode rammer i barnehagar og skular er essensielt for ein god barndom. Borna er framtida vår og skal alltid vera prioriterte når me tek politiske avgjerder.




Helse og eldreomsorg

Kvam Høgre vil jobba for at alle brukarane i sektoren skal få tilbodet dei har krav på. Målet vårt er å styrkje helse- og omsorgstenesta med fokus på individuelle behov og rett kompetanse. For å få dette til, må me ta vare på våre dyktige tilsette, og rekruttera tilstrekkeleg nytt personell. Me vil tilretteleggja for vidareutdanning og auka kompetanse, fokusera på samarbeid og tilrettelegging for våre tilsette. Me vil gjere Kvam til ein attraktiv arbeidsgjevar med konkurransedyktige lønnsvilkår. Tidleg kontakt med helsestudentar, vikarar og andre frivillige organisasjonar er viktig for å skapa gode vilkår for framtida til dei eldre.




Bustadmarknad for alle

Kvam Høgre verdset kulturlandskap og byggeskikk i all planlegging. Me jobbar for attraktive bustadområde over heile Kvam, og for å skape trivelege nærmiljø. For å nå dette, vil me ha ferdige reguleringsplanar, slik at me alltid kan tilby byggjeklare tomter, anten dei er kommunale eller private. Me vil også styrkja og gjera kommunale etableringslån/startlån kjende, for å hjelpe nye innbyggjarar å etablere seg i Kvam.



Samferdsle

Kvam Høgre ser samferdsel som ein nøkkel for framtidig vekst i Kvam. Me meiner staten skal finansiere vegutbygging og rassikring, og vil arbeide for større årlige løyvingar til vegsektoren i regionen. Utarbeiding av planar for strekningsvise utbetringar på sentrale vegar er viktig for å gjere desse meir attraktive for næring og turisme. Rassikringsprosjektet for Tokagjel er eit høgt prioritert prosjekt som bør fullfinansierast av staten. Samstundes er det avgjerande å utbetre lokale vegar for å styrkje samfunnsstrukturen i Kvam.



Kultur og idrett

Kvam Høgre vil styrkje økonomien til idrettslag og organisasjonar som driv med barn- og ungdomsarbeid. Lokalt kulturarbeid fortener gode rammer og arbeidsvilkår, og me vil bidra til å vidareutvikle satsinga som allereie er i gong i kulturgrupper og kulturskulen. Me vil òg legge til rette for å skape gode møteplassar for unge vaksne. Dette inkluderer å utnytte området rundt det nye biblioteket og kinoen ved å gjere ettermiddagar og kveldar meir attraktive med tilbud for ungdomane våre.



Næring

Kvam Høgre står for ein næringspolitikk som skapar vekst og moglegheiter for alle. Me skal leggja til rette for attraktive næringsområde og støtta lokale verksemder når det er mogleg. Gjennom samarbeid med regionale og sentrale aktørar skal me trekkja kompetanse og investeringar til Kvam. Kvam Høgre vil bidra til å leggja til rette for ein robust og framtidretta økonomi som gagnar lokalsamfunnet vårt.



Langsiktig plan for å fjerna eigedomsskatten

Kvam Høgre set privatøkonomien til innbyggjarane våre høgt. Me vil arbeida for å redusere eigedomsskatten på bustadar og fritidshus. På sikt ynskjer me å fjerna eigedomsskatten heilt. For å oppnå dette, skal me vera nøkterne i alle investeringar kommunen tek. Dette er eit viktig steg for å lette økonomisk belastning for innbyggjarane i Kvam.

Les heile programmet: [hoyre.no/kvam](https://www.hoyre.no/kvam)



Bruk QR-koden eller gå til

Hald mobilkameraet mot QR-koden. Trykk på linken som dukker opp på skjermen





Arne Sandven

Ordførarkandidat

Født: 1981. Frå Norheimsund.

Yrke: Sjølvstendig rådgjevar

“Eg skal vera ei stemme for dei som ikkje alltid vert høyrde i samfunnsdebatten”



2. KANDIDAT

Haytham Sarmadawy

Født: 1984

Frå: Øystese

Yrke: Restauranteigar



3. KANDIDAT

Annlaug Kjøberg Tolo

Født: 1982

Frå: Norheimsund

Yrke: Fagleiar i rekneskap




4. KANDIDAT

Arne Opsahl-Engen

Født: 1967

Frå: Tørvikbygd

Yrke: Vikarprest / NAV-rådgjevar



5. KANDIDAT

Frode Skeie

Født: 1960

Frå: Norheimsund

Yrke: Seljar og storkundeansvarleg



6. KANDIDAT

Tarjei Hallvardson Bjørgum

Født: 1984

Frå: Øystese

Yrke: Driller i Nordsjøen



7. KANDIDAT

Adler Ekanger

Født: 1957

Frå: Strandebarm

Yrke: Pensjonert prosjekt- og fagforeningsleiar



8. KANDIDAT

Arne Digernes

Født: 1966

Frå: Øystese

Yrke: Dagleg leiar



9. KANDIDAT

Hans Petter Bugge

Født: 1953

Frå: Norheimsund

Yrke: Pensjonert
veterinær



10. KANDIDAT

Karina Hoff

Født: 1982

Frå: Norheimsund

Yrke: Sjukepleiar
og tillitsvald

11. Anders Hjartnes (42), dagleg leiar og ingeniør, Norheimsund

12. Terje Brurok (59), dagleg leiar, Tørvikbygd

13. Tonje Helen Gravdal (35), rekneskapsførar, Strandebarm

14. Jan Tore Uglehus Tveit (46), RIG Manager, Norheimsund

15. Jo Steine (54), dagleg leiar / entreprenør, Norheimsund

16. Ole Johannes Skaar Bakke (43), fagleiar innan gjenvinningsfaget, Norheimsund

17. Martin Lunestad (38), dagleg leiar, Øystese

18. Marit Sandven Oma (66), pensjonist, Norheimsund

19. Bjarne Mo (71), pensjonist, Norheimsund

20. Ivar Tveiten (70), pensjonist, Tørvikbygd

21. Oddvar Brakestad (70), dagleg leiar, Strandebarm

Våre hjartesaker

- Kvam Høgre vil investera i lærarar, barnehagelærarar og støttepersonell. Me skal jobba aktivt for å tilby 100% stillingar til dei som ynskjer det, og tilretteleggja for vidareutdanning og kompetanseheving.
- Kvam Høgre vil styrkja helse- og omsorgstenesta ved å investera i utøvande helsepersonell sin kompetanse og arbeidsvilkår, og sikra at Kvam er ein attraktiv arbeidsgjevar.
- Me skal prioritera operativt fagpersonell innan oppvekst og helse, framfor administrative stillingar.
- Me vil tilretteleggja for næringsutvikling gjennom næringsareal, utvikling av infrastruktur og samarbeid.
- Tilretteleggja for at bassenget i Ålvik skal kunne drivast vidare etter 2023. Bassenget er viktig for innbyggjarane våre i Ålvik.
- Kvam Høgre vil styrke den politiske styringa av kommunen. Me skal sikre at politiske vedtak vert fulgt opp av administrasjonen på ein ansvarsfull og effektiv måte.
- Me vil sikra 13 sjukeheimsplassar ved Strandebarm Omsorg.
- Legetilboda i Ålvik og Strandebarm skal halda fram som i dag.
- Kvam Høgre vil jobba for at den nye barneskulen i Øystese skal ferdigstillast i løpet av komande valperiode. Skulen skal vera moderne og vera dimensjonert for framtidig vekst i elevtal.
- Me vil at barneskulen i Tørvikbygd skal drivast vidare i perioden. Det skjer mykje spanande i Tørvikbygd for tida. Kvam Høgre meiner derfor at barneskulen må få leva vidare, slik at bygda framstår som attraktiv for småbarnsfamiliar som vurderer å flytte til bygda.
- Kvam Høgre skal få på plass nytt klubbhus og 7'ar-bane ved Norheimsund Stadion i denne valperioden.
- Me skal alltid ha ferdigregulert bustadareal i Norheimsund og Øystese.

